



SULA KOMMUNE



## INFORMASJON

# SULA KOMMUNE digitaliserer utsending av faktura

Sula kommune går igjennom tenestene sine med sikte på auka bruk av digitale verktøy. Dette gjer vi for å effektivisere, og for å gjøre det enklare for deg som innbyggjar. Som eit ledd i denne prosessen vil vi frå og med mai starte med digitalisering av utgåande faktura til innbyggjarane.

### Kva for konsekvensar vil dette ha for deg?

Om du allereie brukar eFaktura eller Avtalegiro vil det ikkje ha nokon konsekvensar for deg. Den nye løysinga inneber at vi forsøker å sende alle faktura digitalt i følgande prioriterte rekkefølge

1. AvtaleGiro og eFaktura
2. Vippsfaktura
3. Digiboks eller eBoks
4. Vedlegg til e-post
5. Om ingen av løysingane ovanfor er mogleg for deg, vil du motta ein papirkopi av fakturaen i postkassa di, **men fakturakopien kan ikkje nyttast for betaling med brevgiro.**

### Tilbod om å inngå eFaktura-avtale

Om du er registrert med gyldig e-postadresse i kommunen sitt register, vil du motta ein e-post med tilbod om å inngå eFaktura-avtale med Sula kommune.

E-posten inneheld ei lenke som du må klikke på for å aktivere ein slik avtale. Om du ikkje ønsker å inngå ein slik avtale kan du berre slette e-posten. Om du allereie har ein slik avtale med kommunen, får du ingen e-post.

### Til deg som ønsker å betale med Vipps

For å kunne bruke Vippsfaktura må du ta i bruk Vipps, og du må vere registrert med eit gyldig mobilnummer i Sula kommune sitt register.

## **Til deg som ønsker å motta faktura via digital postkasse**

Om du har opprettet ei digital postkasse(Digipost eller eBoks), og du ikkje har reservert deg mot mottak av digital post frå det offentlege, kan du motta faktura som digital post.

## **Til deg som ønsker å motta faktura på e-post**

For å motta faktura som vedlegg i ein e-post frå Sula kommune, må du vere registrert med gyldig e-postadresse i Sula kommune sitt register.

## **Til deg ønsker å bruke brevgiro**

Vi anbefalar alle som pr. i dag brukar brevgiro å opprette AvtaleGiro eller eFaktura, du kan også opprette Vippsfaktura.

Om du vel å fortsette med brevgiro må du fylle ut informasjonen frå fakturakopien på ein tom bankgiroblankett. Slike tomme bankgiroblankettar kan du få i din lokale bank eller på rådhuset. På rådhuset kan du også få hjelp til å fylle ut blankettane.

### **Følgande felt skal fyllast ut på den tomme bankgiroblanketten**

1. Beløp
2. Betalar sitt kontonummer
3. Betalt av
4. Betalt til
5. Kundeidentifikasjon (KID)
6. Kroner og øre
7. Til konto

## **Faktura som blir sendt forretningsførar eller andre mottakar enn deg sjølv**

Om du har forretningsførar eller ein annan mottakar som får tilsendt faktura på vegne av deg, vil dei nye distribusjonsformene (Vipps, Digital postkasse til innbygger) overstyre om du er registrert med personnummer i Sula kommune sine register. Om du har «kannan mottakar» anbefalar vi deg derfor til ikkje å inngå avtale om Vipps eller Digital postkasse.

## **Kontaktinformasjon**

Om du har spørsmål til ordninga, treng tomme bankgiroblankettar, eller hjelp til å fylle dei ut, kan du kontakte servicetorget i Sula kommune på telefon 70 19 91 00.

Om du ønsker at vi skal registrere gyldig mobilnummer/e-postadresse på deg for at du skal kunne betale med Vipps/motta faktura på e-post, kan du sende informasjonen om dette på e-post til **okonomi@sula.kommune.no**